

Rusfagleg handlingsplan

TEMAPLAN 2020-2024



Rusfagleg handlingsplan skal gje ein heilskapleg oversyn over rusmiddelsituasjonen i Kvam, utfordringar knytt til bruk av rusmidlar, og eksisterande og planlagde tiltak på rusfeltet.



Samandrag

Alkoholova § 1-7 pålegg kommunen å utarbeida ein *alkohol*politisk handlingsplan som omfattar kommunen sin politikk for omsetjing av alkoholhaldig drikk. Slik plan skal handsamast i kvar heradstyreperiode. Kvam herad har ein *alkohol*politisk plan for perioden 2016 – 2020 som gir retningsliner for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. Denne planen skal opp til ny politisk handsaming før sommaren 2020.

Ein rusfagleg handlingsplan skal gje ein heilskapleg oversyn over rusmiddelsituasjonen i Kvam, utfordringar knytt til bruk av rusmidlar, og eksisterande og planlagde tiltak på rusfeltet. Den gjeldande rusmiddelpolitiske planen gjekk ut i 2016, men har framleis vore det førande dokumentet på fleire områder knytt til rusfeltet.

Det er naturleg å sjå alkohol- og narkotikapolitikken i ein samanheng, blant anna fordi tidleg alkoholdebut gjev ein auka risiko for bruk av narkotika. Ein samla rusfagleg plan skal gjera det lettare å sjå samanhengen mellom vedteken løyvepolitikk, førebyggjande innsatsar og behov for innsats på rehabiliteringsområdet. Utfordringar knytt til alkohol og narkotika føreset ein brei tverrfagleg innsats. Planens formål er å vera eit fagleg styringsdokument for heilskapleg innsats knytt til bruk og misbruk av alkohol og andre rusmidlar

Planen sine temaområder

- Temaområde 1: Universelle førebyggjande tiltak
- Temaområde 2: Tidlig innsats - barn og unge i risiko
- Temaområde 3: Vaksne

Det gjennomgåande prinsippet i den rusfaglege handlingsplanen skal vera «tidleg innsats».

Overordna mål for ruspolitikken i Kvam herad:

Å førebygga og redusera negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmidlar for enkeltmenneske og samfunn.

Innhald

Samandrag	2
Føringar og rammer	5
Nasjonale føringar.....	5
Lokale føringar	6
Innleiing.....	8
Mandat for arbeidet med ny rusfagleg handlingsplan	8
Alkohol er ei lovleg vare.....	9
Alkohol er inga ordinær vare	9
Narkotika i Noreg	9
Overordna mål for ruspolitikken i Kvam:.....	10
Delmål:	10
Planen sine temaområder.....	10
Oppfølging av planen	10
Situasjonen i dag.....	11
Innbyggjarar i Kvam	11
Rusmiddelsituasjonen blant ungdom	12
Kva påverkar tenåringane sitt alkoholforbruk?	14
Ungdomsrådet si undersøking	16
Rusmiddelsituasjonen blant vaksne.....	17
Narkotika og illegale rusmidlar	17
Kjøp og sal av narkotika via sosiale media	17
Alkohol	17
Sal og skjenking av alkohol i Kvam	19
Sal frå Vinmonopolet i Norheimsund.....	21
Løyve for einskilde høve, lag og organisasjonar.	21
Utfordringar med arrangement utan løyve	22
Rus og kriminalitet	22
Nye trendar i ungdomsmiljøet.....	23
Temaområde 1: Universelle førebyggjande tiltak	25
Førebyggingsparadokset.....	25
Alkoholpolitikken i Kvam.....	25
Alkoholpolitiske retningslinjer	25
Generelle prinsipp for alkoholpolitikken i Kvam.....	25
Av- og- Til	27
Rusførebyggjande tiltak for barn og unge	28

Skulen som rusførebyggande arena	28
Heim	29
Fritidsarena	29
Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	30
Temaområde 2: Tidleg innsats - barn og unge i risiko.	32
Universell rusførebygging i svangerskapskontrollane	32
Oppfølging i svangerskap og etter fødsel	33
Samarbeid med spesialisthelsetenesta.....	33
Familiar i risikosona	34
Barnevernet	34
Barnehagane	34
Skulane	34
Helsestasjonen	35
Barn som pårørande	35
Ungdom og unge vaksne som er i ferd med å utvikla rusproblem	35
Skulefråvær	35
Temaområde 3 – Vaksne	37
Drikkevanar - utvikling	37
Tenester til rusmiddelavhengige	37
Samordna og heiskaplege tenester	38
Bustad og fritidstilbod.....	38
Vedlegg	41
Handlingsplan (Oppsummering av mål og tiltak).....	41

Føringar og rammer

Rammene for planen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld lover, forskrifter, samt føringar frå rundskriv, nasjonalpolitiske retningsliner og stortingsmeldingar mv.

På kommunalt nivå gjeld mål og strategiar som er forankra i ulike kommunale planar.

Nasjonale føringar

Lov/forskrift/plan mv.	Kort om innhaldet
Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven). 1989-06-02-27	§ 1-1 Formål Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. § 1-7d. Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan.
Lov om folkehelse av 24.06.2011 (tredd i kraft 1.1.2012)	§ 1 Formål Formålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjamnar sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebygga psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. (Vidare skal lova sikra at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal leggja til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.)
Lov om kommunale helse-og omsorgstjenester § 3-1 og § 3-3	§ 3-1 Kommunenes ansvar for helse-og omsorgstjenester "Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse-og omsorgstjenester. Kommunen ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer medrusproblem..." "Helse- og omsorgstjenestene skal bidra i kommunens folkehelsearbeid, herunder oversiktren over helsetilstande og påvirkningsfaktorer etter folkehelseloven §5."
Lov om sosiale tenester § 12	§1 Lovens formål Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltagelse i samfunnet. § 12 Informasjon og generell forebyggende virksomhet "Kommunen skal gjøre seg kjent med innbyggernes levekår, vie spesiell oppmerksomhet til trekk i utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale problemer, og søke å finne tiltak som kan forebygge slike problemer.

<p>Stortingsmelding 30 2011-2012“Se meg – en helhetlig rusmiddelpolitikk</p>	<p>Stortingsmeldinga handlar om alkohol, narkotika, vanedannande legemidlar og doping som samfunnsproblem. Den beskriv status og utfordringar i rusmiddelpolitikken, samhandlingsreforma sin betydning, NAV-kontoret sin rolle, meir effektiv førebygging og tidleg innsats og tiltak for å redusera tilgang til rusmidlar. Korleis me skal oppnå eit meir tilgjengeleg, heilskapleg og samanhengande tenestetilbod til mennesker med rusproblemar, er eit anna sentralt tema. Spørsmål om bruk av strafferettslege reaksjonsformar ved narkotikabruk, skadereduserande tiltak, tilbakehald og tvang samt bruk av heroin i behandling er både etisk og fagleg utfordrande. Det er likevel grunn til å vurdere om og på kva måte disse virkemidla skal inngå i ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. Særleg utsette grupper som barn og unge, pårørande, herunder barn av rusavhengege føresette og personar med omfattende hjelpebehov vert omtalt. Meldinga presenterer også virkemidler for å auka kvalitet og kompetanse.</p>
<p>Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020)</p>	<p>Planen rettar innsatsen mot personar som er i ferd med å utvikla, eller som allereie har, eit rusproblem. Planen legg vekt på at det er størst behov for å styrkja tilbodet i kommunane, og hovudinnsats vert difor retta mot kommunesektoren.</p>
<p>Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)</p>	<p>Nasjonal strategi – Bustad-sosiale tenester i kommunane.</p>

Lokale føringar

Lov/forskrift/plan mv.	Kort om innhaldet
<p>Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015 – 2030, Kvam herad</p>	<p>Hovudmålet er å vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knutepunkt mellom Hardanger og Bergensregionen.</p> <p>Kommunen skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad heile livet. Brei folkehelseplanlegging – «Helse i alt me gjer»</p>
<p>Helse og omsorgsplanen 2015 – 2025</p>	<p>Kvam herad skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - prioritere førebyggjande arbeid og tidleg innsats og gjennom det bidra til å hindra at sjukdom oppstår -fremja sjølvstende og livsmeistring og at personar med rusproblematikk kan leve eit mest mogleg normalt og uavhengig liv.
<p>Kommunedelplan for næring og kompetanse 2015 – 2023</p>	<p>Verdiskaping gjennom samarbeid: Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar.</p>

<p>Regional plan for Folkehelse i Hordaland 2014 – 2025</p>	<p>Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gjev fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseskilnader. Planen inneheld 5 temaområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming. • Lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. • Oppvekst og læring. • Arbeid og arbeidsplassen. <p>Aktivitet og sosial deltaking</p>
<p>Avtale om tenestetilbod mellom Kvam herad og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt</p>	<p>Avtalen skisserar gjensidige forpliktingar i høve det førebyggjande arbeidet i Kvam. Fokusområder er mellom anna førebygga auka debutalder for alkohol og andre rusmiddel og hindra rekruttering til narkotikamiljøet, særskild blant unge</p>

Kvam sin visjon er å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid

Innleiing

Alkoholova § 1-7 pålegg kommunen berre å utarbeida ein *alkoholpolitisk* handlingsplan som omfattar kommunen sin politikk for omsetjing av alkoholhaldig drikk. Slik plan skal politisk handsamast i kvar heradstyreperiode. Kvam herad har vedteke ein alkoholpolitisk plan for perioden 2016 – 2020 som gir retningsliner for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.

Mandat for arbeidet med ny rusfagleg handlingsplan

Rådmannen vil utarbeida ein rusfagleg handlingsplan som eit fagleg styringsdokument for heilskapleg innsats knytt til bruk og misbruk av alkohol og andre rusmidlar. Denne planen skal omfatta tiltak knytt til løyvepolitikken, førebyggjande innsats og tilbod til rusavhengige.

Ein rusfagleg handlingsplan omfattar tiltak frå ulike kommunale tenester og til ulike brukargrupper, men også næringsinteressar. Planen er ein temaplan under helse og omsorg.

Utarbeiding av rusfagleg plan er gjort av ei arbeidsgruppe samansett av fylgjande tenester:

- Sals- og skjenkekontrollen
- Folkehelse
- Rus og psykisk helse
- Oppvekst
- Helsestasjon
- NAV
- Politiet

Det har i tillegg vore brei involvering gjennom heile planarbeidet. Barnevernet, kommuneoverlege, familiesenteret, rektorar og styrarar i barnehage vore involvert for å få innspel.

Handlingsplanen gir ei oversikt over rusmiddelsituasjonen i Kvam, utfordringar knytt til bruk av rusmidlar, eksisterande og planlagde tiltak på rusfeltet.

Det er naturleg å sjå alkohol- og narkotikapolitikken i ein samanheng, blant anna fordi tidleg alkoholdebut gjev ein auka risiko for bruk av narkotika. Ein rusfagleg handlingsplan skal gjera det lettare å sjå samanhengen mellom vedteken løyvepolitikk, førebyggjande innsats og behov for innsats på rehabiliteringsområdet. Utfordringar knytt til alkohol og narkotika føreset ein brei

tverrfagleg innsats. Planen sitt føremål er å vera eit fagleg styringsdokument for heilskapleg innsats knytt til bruk og misbruk av alkohol og andre rusmidlar

Alkohol er ei lovleg vare

Det er lovleg både å omsetja og drikka alkohol, og for mange er alkohol ein naturleg del av deira sosiale liv. Det knyter seg store næringsinteresser til sal og skjenking av alkohol. Sals- og skjenkenæringa ynskjer å kunna driva verksemda med så få restriksjonar som råd, og med gode og trygge rammevilkår. Det frivillige organisasjonslivet ynskjer skjenking på sine arrangement, både som inntektskjelde for laget og for å skapa attraktive samlingsstader.


Alkohol er inga ordinær vare

Dei samfunnsmessige kostnadane som følge av alkohol er berekna til å ligge på mellom 18 og 19,6 milliardar kroner. Her er kostnadar for helse- og sosialvesenet, for arbeidslivet, tap i form av vald og ulykker samt kriminalitet inkludert. Då snakker me ikkje om dei 10% av befolkninga som drikk mest, t.d. alkoholikarar, men den «vanlege» kvardag- og helgedrikkinga (*Avogtil; De samfunnsøkonomiske kostnadene av alkoholbruk, 2019*)

Det er nasjonal alkoholpolitisk semje om at vi, med ulike verkemiddel, skal avgrensa bruken av alkohol i samfunnet. Ein restriktiv alkoholpolitikk gir det store fleirtalet høve til å nytta alkohol utan at skadane på individ og samfunn vert uakseptabelt store.

Alkohollova prøver å ta vare på desse kryssande omsyna, mellom anna ved at all omsetjing og tilverking av alkoholhaldig drikk krev løyve, og ved føresegner om opningstider, skjenketider, aldersgrenser og forbod mot reklame. Ut over dette står kommunen svært fritt til å forma sin eigen alkoholpolitikk. I dette arbeidet oppstår det utfordringar og gjerne motstridande interesser:

- Det som er lønsamt for nokon, kan vera skadeleg for andre
- Næringspolitiske og forbrukarpolitiske omsyn i løyvepolitikken kan kryssa dei helsefaglege omsyna som kommunen også skal ivareta.



Det som er lønsamt for nokon, kan vera skadeleg for andre

Narkotika i Noreg

Narkotika er alle illegale eller reseptbelagde rusgivande substansar, uavhengig av deira farmakologiske eigenskapar, og som til ein kvar tid er registrert på Legemiddelverket sin narkotikaliste. Dei mest nytta stoffa vert ofte delt inn etter cannabis, opioider (heroin, morfin), sentralstimulerande rusmiddel (amfetamin, metamfetamin, kokain), hallusinogenar (LSD/lysergsyredietylamid), sniftestoffar og gammahydroksybutyrat / GHB (EMCDDA 2018). MDMA/ecstasy vert nokre gongar gruppert med sentralstimulerende stoffer og av og til med hallusinogenar. MDMA (3,4-metylendioksymetamfetamin) er virkestoffet i partydopet ecstasy. (*Folkehelseinstituttet, Narkotika i Norge, rapport frå 2018*).

Overordna mål for ruspolitikken i Kvam:

Me skal førebygga og redusera negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmidlar for enkeltmenneske og samfunn. Dette skal gjerast gjennom:

Delmål:

- Det skal vera eit tverrfagleg samarbeid på rusfeltet.
- Me ynskjer ein forutsigbar alkoholpolitikk, som ikkje aukar konsumet av alkohol, og innbyggjarar som har eit bevisst forhold til sin alkoholbruk.
- Utsetja debutalderen for alkohol, og redusere bruk av legale og illegale rusmidler blant born og unge.
- Ingen born og unge i Kvam skal vekse opp i miljø med skadeleg rusbruk.
- Rusavhengige i Kvam skal ha eit meiningsfullt og aktivt liv.
- Me skal både ha ein variasjon i bustadar, og eit felles bustadområde for rusmiddelavhengige med kvalifisert oppfølging.
- Det skal vera samordna og koordinerte tenester for rusmiddelavhengige i Kvam.
- ROP skal delta i det førebyggjande arbeidet mot born og ungdom.

Planen sine temaområder

- Temaområde 1: Universelle førebyggjande tiltak
- Temaområde 2: Tidlig innsats - barn og unge i risiko
- Temaområde 3: Vaksne

Det gjennomgåande prinsippet i planen skal vera «tidleg innsats».

Oppfølging av planen

Det har tidlegare vore ein rusførebyggjande gruppe i Kvam, men denne er ikkje i funksjon i dag. For å sikra tverrfagleg og heilheitleg rusførebyggjande arbeid, må ein slik gruppe etablerast på nytt, som ein operativ gruppe.


Universelle førebyggjande tiltak			
Mål:			
Det skal vera eit tverrfagleg samarbeid på rusfeltet			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Jamlege møter med aktørar innanfor rusførebyggjande arbeid, som sikrar et heilheitleg perspektiv	Oppretta ein rusførebyggjande gruppe som er operativ og tverrfagleg samansett.	Leiargruppa	Heile planperioden

Situasjonen i dag

Innbyggjarar i Kvam

Det var 8.456 innbyggjarar per 3.kvartal i 2019.

07459: Befolkning, etter kjønn og alder. Kvam, Personer, 2019.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 1: Innbyggjarar i Kvam fordelt på alder og kjønn

Forventa utvikling i h.t. Statistisk Sentralbyrå er 8.526 innbyggjarar i 2030 og 8.369 innbyggjarar i 2040.

11668: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder. Kvam (-2019), Hovedalternativet (MMMM), 2040.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Befolkningspyramiden viser at Kvam, som resten av landet, vil få ein auke blant dei i alderen 60-94 år, medan det vert færre i alderen 0-64 år. Andelen barn (0-17 år) i kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.


Andelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Forskjellen i forventna levealder mellom dei som har grunnskule som høgaste utdanning, og dei som har vidaregåande eller høgare utdanning, skil seg heller ikkje signifikant frå landsnivået.

Forskjell i forventna levealder mellom utdanningsgrupper er ein indikator på sosiale helseforskjellar i kommunen. Andelen i aldersgruppa 15-29 år som har psykiske symptom og lidingar, er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt. (*Folkehelseprofil 2019, Folkehelseinstituttet*).

Rusmiddelsituasjonen blant ungdom


Kvam herad har ved gjennomført UngData-undersøkingar i 2011, 2015 og 2017. I undersøkinga våren 2017 deltok alle ungdommar på 8.- 10. trinn, totalt 326 personar og med ein svarprosent på 87%. Alle elevar på 1. og 2. trinn i vidaregåande skule i Kvam deltok også i undersøkinga. Berre 3.trinn frå Øystese gymnas deltok. Totalt 244 vidaregåande elevar svarte på undersøkinga, som er ein svarprosent på 85%.


Ungdom i dag drikk mindre og debuterar seinare enn tidlegare. Dei høyrer meir på foreldra sine enn det foreldregenerasjonen gjorde. Til tross for ein positiv trend er det framleis ei mengde negative hendingar knytt til ungdomsfylla. Det er ikkje slik at norske tenåringer har slutta å drikka.



Figuren viser kor stor del av ungdomsskuleelvar som har vore berusa siste 12 månadane på alkohol fordelt etter fylke.

I Kvam svarer om lag 17% av ungdomsskuleelevane at dei har vore rusa på alkohol. Det betyr at Kvam ligg på same nivå som Trøndelag fylke. I 2011 var talet for Kvam 23% medan det i 2015 var 12%.





Figur 2: Andel i prosent av ungdomsskulelevar som svarer at dei har vore berusa på alkohol ein eller fleire gonger dei siste 12 månadane.



I overgangen frå ungdom til snart vaksen endrar haldningar og livsstil seg. Denne overgangen markerar ei form for lausriving frå føresette og etablering av ein identitet som nesten vaksen. Mange er nysgjerrige på å prøva alkohol og ser det som eit naturleg steg i retning av vaksenlivet. Å drikka i ungdomsalderen heng ofte saman med venskap, flørting og ein sosial livsstil. Unge som drikk alkohol midt i tenåra, har som regel mange vener og eit aktivt sosialt liv.

Samstundes veit me at det å drikka alkohol gjev risiko for akutte skader, og ungdom som byrjar å drikka tidleg, har i mange tilfelle eit atferdsmønster der andre typar antisosial atferd og bruk av tyngre rusmidler inngår.

Nokre tenåringar kan kjenna på eit press om å drikka fordi «alle andre» gjer det. Mange drikk for å bli sosialt akseptert og for å vere ein del av eit fellesskap. Tenåringar er nysgjerrige på alkohol og drikk på fest for å ha det gøy saman med vener.

Det er fleire grunnar til at samfunnet er opptekne av å heva debutalderen på alkohol blant ungdom. Det viser seg at tidleg alkoholdebut heng saman med fleire faktorar:

- Hjernen veks til me er 25 år og alkohol kan påverka denne utviklinga.
- Låg alder for alkoholdebut heng saman med høgt konsum og auka sannsyn for alkoholproblem i vaksen alder.
- Det er ei auke i grad av risiko og sårbarheit ved inntak av alkohol.

Ved inntak av alkohol får me nedsett vurderingsevne og utsett oss sjølve for farar og risiko. Me kan og mista hemningar for kva ein er villig til å utsetja andre for.

	8.trinn	9.trinn	10.trinn	1VG	VG2	VG3	Tal svar
Vore så full at du har vore på ein stad utan å huske korleis du kom di	0	5	26	27	43	38	250
Skulka skulen på grunn av alkohol	0	5	4	4	2	9	249
Blitt skadd eller utsett for ei ulukke i fylla, slik at du treng legehjelp	0	0	2	5	13	7	248
Hatt ein trist periode	6	25	28	16	49	38	249
Blitt fortalt av ein ven at du burde slutta eller redusera drikkinga	0	0	21	15	20	16	249
Hatt uønska seksuelle opplevingar	6	5	11	20	20	16	248

Tabellen viser kor mange gonger i løpet av siste 12 måneder ungdom i Kvam har gjort eller opplevd ulike hendingar i forbindelse med å drikka alkohol. Spørsmålet er berre stilt til dei som har drukke alkohol i løpet av det siste året.

Kva påverkar tenåringane sitt alkoholforbruk?

Føresette

- ❖ Tenåringar som har føresette som har klare avtalar og reglar omkring alkohol, drikk mindre enn jamnaldrande som ikkje har slike avtalar.

Debutalder

- ❖ Jo tidlegare ein byrjar å drikka, jo større er risikoen for å utvikla eit høgt alkoholkonsum i vaksen alder.

Vener

- ❖ Om venene til tenåringen drikk mykje, er det større sjans for at ungdomen sjølve har eit høgt alkoholkonsum.


Tilgjenge

- ❖ Jo lettare tilgang me har på alkohol, jo større sjanse er det for at me drikk meir.

Pris


- ❖ Jo lågare prisen er på alkohol, jo større sansyn er det for å utvikla eit stort alkoholforbruk.

Når føresette er tydelege på at de ikkje gjer ungdommane sine lov til å drikka alkohol, aldri serverer dei alkohol eller gjev dei alkohol med på fest, så drikk ungdommane mindre og er sjeldnare berusa enn ungdommar som har meir liberale reglar. Denne samanhengen er så tydeleg, og går igjen i så mange undersøkingar, at den bør få vesentleg betyding for tenkinga rundt førebygging av rus blant ungdom.



Figur 3: Viser sammenhengen mellom elevane si oppfatning av føresette sine haldningar til når dei unge kan drikka alkohol, og kor ofte elevane har vore tydeleg berusa siste 6 månader. Nasjonale tal frå UngData 2014 (n=17541)

Majoriteten av elevane i ungdomsskulen i Kvam får ikkje lov å drikka alkohol av forelda sine. Men trenden er tydeleg, jo eldre ungdomane vert jo færre føresette seier nei til ungdom og alkohol (fig. 4).




Tenåringar med kjipe foreldre* drikk mindre.

*Kjipe foreldre er eit omgrep nytta i Av-og-til kampanje.

Figur 4: Kva ungdom i Kvam svarar på spørsmålet "Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?" (n = 467)

Nærmare 70% av elevane i ungdomsskulen seier dei ikkje får nytta alkohol før dei er 18 år (fig. 5). Under halvparten av elevane i vidaregåande skule svarar det same. Nærmare 20% av ungdomsskule elevane veit ikkje kva foreldra meiner om dette, og i overkant av 10% av elevar på 9. og 10.trinn seier dei får lov av foreldra å drikka alkohol når dei er 16 år.



Figur 5: Kva ungdom i Kvam svarar på spørsmålet "kva reglar har de heime for ditt forhold til alkohol?" (n=457).

Ungdomsrådet si undersøking

Ungdomsrådet i Kvam tok i 2018 initiativ til å gjennomføra ei undersøking blant ungdom om psykisk helse og rus. Det var 450 ungdommar som svarte på denne undersøkinga.

Alkohol: 20,4% svarer at dei har fått alkohol hos foreldra sine før dei fylte 18 år. Rundt 70 % har prøvd alkohol før dei var 18 år. Debutalderen ligg rundt 15 år. 53 % seier at det er lett å få tak i alkohol som mindreårig.

Illegale rusmidlar: 12,5% svarer at dei har blitt tilbudt narkotika. 6,4% seier dei har brukt rusmidlar for å letta kvardagen.

Rusmiddelsituasjonen blant vaksne

Narkotika og illegale rusmidlar

Kunnskap om omfang og bruk av narkotiske stoffer byggjer på spørjeundersøkingar. Cannabis er det narkotiske stoffet flest ungdommar rapporterar å ha prøvd. Talet på pasientar med Cannabis som hovudproblem har auka frå 2500 til 3600 pasientar årleg i spesialisthelsetenesta frå 2010 til 2018. Dei samfunnsmessige konsekvensane av rusbrukslidingar er store. Kostnader til behandling, psykisk helsevern og spesialisert rusmiddelbehandling er vesentlige. I tillegg er ofte personar som treng behandling ikkje i arbeid og utgiftene til trygdeordningar og sosialhjelpsstønad er omfattande.

Alkohol og illegale rusmidlar er ein risikofaktor for å dø før fylte 70 år.

Bruk av alkohol og illegale rusmidlar er mellom dei viktigaste risikofaktorane for å dø før fylte 70 år i Norge. (FHI, 2017) Resultat frå det globale sjukdomsprosjektet viser at rusbrukslidingar bidreg til betydeleg helsetap (sjukeleg) og tapte leveår både globalt og i den norske befolkninga. (FHI, 2016)

Tilgang på rusmidlar er ein føresetnad for å utvikla ein rusliding, og økonomisk tilgjenge har stor betydning for kor mykje og kor mange som nyttar rusmidlar i befolkninga. (Babor, 2010. Rehm, 2010) Det er og ein klar samanheng mellom totalforbruk og kor stor del som har rusbrukslidingar og skader i befolkninga.

Kjøp og sal av narkotika via sosiale media

Det er ein trend at ungdommar i Noreg i auka grad har tilgang til kjøp og sal av narkotika gjennom sosiale media, som til dømes Snapchat, Tik Tok mv. Det er grunn til å tru at denne trenden også gjeld for ungdommar i Kvam. Lokalt politi har i 2019 fått konkrete tips om personar som sel hasj via Snapchat.

Det er såleis mogleg å skaffa seg narkotika på ein ny arena, der det er lettare å kamouflera identitet til partane, i større grad enn kjøp og sal via telefon eller direkte kontakt. Brukarar som omset narkotika på sosiale media er ofte anonyme eller fiktive. Ein kan tenke seg at terskelen for å ta kontakt om kjøp og sal av narkotika er lågare når ein slepp å forhalda seg direkte til kjøpar eller seljar, men kan styre dette via ein brukar på Snapchat eller liknande.

Ei anna utfordring med denne formen for kjøp og sal av narkotika, er at ein ungdom i Kvam kan sitja ein trygg plass, til dømes på sitt eige gute- eller jenterom, utan at føresette er klar over det, og gjere ein avtale om møtestad for overlevering av narkotika. I tida som kjem vil truleg denne måten å kjøpe og selja narkotika auka, og det er viktig at samfunnet, lærarar, føresette mv. er klar over at det kan føregå narkotikaomsetning via sosiale media.

Alkohol

Alkoholbruk kan vera ein utfordring i høve til folkehelsa, på lik line med anna ugunstig helseåtferd som røyking, overvekt og fysisk inaktivitet. følgje WHO(2019) er alkohol en hovudårsak til kreft i nordiske land.

Alkohol er det rusmiddelet som forårsakar flest ruslidingar

Alkoholbruk kan i tillegg til å skade eiga helse, skade tredjepart.

Alkoholbruk er det rusmiddelet som forårsakar flest rusrelaterte lidingar i Noreg. Ruslidingar er eit overordna omgrep for skadeleg bruk og avhengigheit av rusmidlar. I Noreg har omsetnad av alkohol

auka frå 5 liter rein alkohol per innbyggjar per år i 1990 til nærare 7 liter i 2018. Det me veit er at med aukande totalkonsum, aukar også delen med eit svært høgt alkoholkonsum. Det er derfor grunnlag for å tru at førekomsten av alkoholbrukslidingar har auka i denne perioden.

Framleis er omsettinga av alkohol i Noreg lågare enn i resten av Europa. Medan det er markant nedgang i alkoholomsetninga i land som tradisjonelt har hatt eit høgt forbruk (t.d. Spania, Frankrike og Italia), aukar konsumet i dei nordiske landa (ikkje Danmark) og forskjellane i alkoholkonsum vert jamna ut. I Noreg er det ein auke i tal som drikk alkohol, og auke i kor hyppig ein drikk.

Det er auke i hyppigheit og konsum hjå begge kjønn. Ein ser også at det har vært størst auke i kor ofte ein drikk i aldersgruppa over 50 år. I denne gruppa ser ein midlertidig meir moderat bruk, med færre situasjonar med tydeleg berusing, samanlikna med yngre aldersgrupper som drikk meir når dei drikk. (FHI 2018)

Gjennomsnittsalder ved første gangs bruk av alkohol har vore stabilt på snautt 15 år sidan 1995. Det var ein auke i alkoholkonsum i ungdomspopulasjonen fram mot år 2000.

Etter år 2000 har det vore nedgang både i drikkefrekvens og kor ofte ein drikk seg tydeleg berusa. Likevel ser ein at det er ein sterk samanheng mellom alkoholbruk og tydeleg berusing i Noreg samanlikna med sør-europeiske land. Høg grad av berusing saman med ein framleis betydeleg drikkefrekvens, har helsemessige- og sosiale konsekvensar.



Å vekse opp i ein heim der ein eller begge føresette har rusmiddelproblem kan ha alvorlege konsekvensar for born. Det er estimert at 8 prosent av norske born har minst ein føresett som tilfredsstillar dei diagnostiske kriteria for ein alkoholbruksliding. Mens om lag 3 prosent av norske born har ein føresett med alvorleg grad av skadeleg bruk. (Folkehelseinstituttet 2011)

Rusproblem aukar risikoen for utryggleik, isolasjon, krenkingar og overgrep.

Ein familiesituasjon med rusmiddelproblem hos dei vaksne aukar risikoen for utryggleik, sosial isolasjon, ulike former for krenkingar, overgrep og omsorgssvikt. Barn vil kunne gå inn i rollar der dei overtek funksjonar knytt til foreldreansvar fordi oppfølging frå føresette er mangefull. (FHI, 2011, Haugland, 2012, Killen, 2003) Rusmiddelbruk kan og påverke parforhold

negativt (Torvik, 2013) Risikoen for vald i par og familierelasjonar er høgare i familiar med rusbrukslidingar. (Moore, 2011)

Sal og skjenking av alkohol i Kvam




Kvam har i løpet av dei 7 siste åra gått mot ein meir liberal alkoholpolitikk. Særleg vert det synleg på kor det vert gjeve løyver, og sals- og skjenketidene. I 2012 til 2016 var det ikkje høve til å gje løyve for skjenking på kafé før etter kl. 20.00. Skjenketida var til maks kl. 01.30 og det var ikkje høve til å skjenka ute etter kl. 23.00 (unntak for hotella). I 2016 vart dei alkoholpolitiske retningslinene revidert i samband med ny løyveperiode. Då vart det opna for å gje løyve til kafé utan villkår og skjenketida vart utvida til maks kl. 02.00 med moglegheit for å skjenka like lenge ute.

Det er per januar 2020 13 butikkar med salsløyve, og 16 plassar med skjenkeløyve i Kvam. I tillegg kjem alle som søker om løyve for eit einskild høve, som ligg på mellom 50 og 70 i året.


Alle som sel og skjenker alkohol (på faste løyve) må kvart år rapportere selde og skjenkte liter til kommunen. På den måten får me innsikt i kor mykje alkohol som vert konsumert i Kvam. Tala i tabellane under seier midlertidig ikkje noko om sjølve konsumet, og inneheld ikkje kjøp frå utlandet eller taxfreevarer. Tala for 2019 er enno ikkje rapportert inn.

År	Sal gr. 1 liter	Skjenk gr. 1 liter	Skjenk gr. 2 liter	Skjenk gr. 3 liter
1 - 2015	328 200	33 270	6 200	858
2 - 2016	333 200	28 000	6 000	690
3 - 2017	299 000	30 600	6 500	573
4 - 2018	323 185	21 836	9 201	476


- Gruppe 1 er alkoholhaldig drykk mellom 2,5% til 4,7% (type øl og rusbrus)
- Gruppe 2 er alkoholhaldig drykk mellom 4,7% til 22% (type vin og sider)
- Gruppe 3 er alkoholhaldig drykk mellom 22% til 60% (brennevin)




Tabell 1: Sal av alkohol frå butikk (under 4,8%) gjekk noko ned i 2017, men auka igjen i 2018



Tabell 2: Det har vore en jamn nedgang av skjenkt liter i gr. 1 til 2018



Tabell 3: Det var ein auke i skjenkt liter i gr. 2 i 2018



Tabell 4: Det har vore ein jamn nedgang i skjenkt liter i gr. 3

Sal frå Vinmonopolet i Norheimsund

Kategori	2017	2018	Endring i liter	Endring i prosent
Vin	111 607	114 493	2 885	2,6%
Sterkvin	544	572	28	5,2%
Brennevin	17 962	17 814	- 149	-0,8%
Øl	3 718	3 719	0	0%
Alkoholfritt	836	904	68	5,2%

Det har vore ein svak auke i sal av vin på Vinmonopolet i Norheimsund, medan sterkvin har hatt ei auke på 5,2%. I denne kategorien finn me mellom anna sider. Det har vore ein stor auke i lokale siderprodusentar og auka merksemd som kan forklare auken. Det har også vore en auke i sal av alkoholfri drykk, noko som skyldast ein auka merksemd og eit større utval i alkoholfrie alternativ.

Mellom anna har Kvam herad har hatt Av-og-til stand før jul i lag med Vinmonopolet, for å gjera

Manar til ettertanke

– Tenk deg om før du drikk alkohol når det er born til stades!

BÅRD VALVATNE
valvatne@hf.no

Det var bodskapen på Av-og-til-standen på Vinmonopolet fredag. Samstundes vart fleire gode alkoholfrie alternativ viste fram. Opplegget var eit samarbeid mellom Vinmonopolet, Kvam herad og kampanjeorganisasjonen Av-og-til.

Dette er fjerde året ein har Av-og-til-arrangement i samarbeid med Vinmonopolet, fortel Av-og-til-kordinator Bjørnar Dagstad. No har dette vorte vanleg i heile landet.

– Korleis vert de mottekrive?

– Folk er hyggjelege og interesserte i produkta. Mange vert litt overraska over at desse alkoholfrie alternativa smakar så godt, seier Dagstad.

– Du kjønner deg ikkje som hel-sefanatikaren som deler ut gulrotter i sjokoladebutikken?

– Kanskje litt, særleg dei første gongene me gjorde dette. Men Av-og-til handlar ikkje om at folk skal verta fråhaldsfolk. Det handlar om at ein skal tenkja gjennom når det passar å drikka alkohol. Det gjer det lett å stilla seg bak dette.

Butikksjef hjå Vinmonopolet i Norheimsund, Britt Ingvild Djupevåg Torvik, fortel at dei alkoholfrie produkta framleis utgjør ein liten prosentdel av salet på polet, men at dette er ei av produktgruppene som aukar mest.

– Kva skil dei alkoholfrie produkta de sol frå safta, jusen og brusene ein kan kjøpa i daglegvarebutikker?

– Dette er produkt som alle er baserte på ekte råvarer, og me meiner dette er kvalitetsprodukt. Det finst mange gode produkt å velja mellom både når det gjeld



Alkoholfritt: Butikksjef på Vinmonopolet i Norheimsund, Britt Ingvild Djupevåg Torvik (t.v.), serverer alkoholfri sider til Endre Lie Traavik, medan Av-og-til-kordinator Bjørnar Dagstad serverer alkoholfritt øl til Dag Vasenden.

alkoholfrie vinar, øl og sider. Det finst til og med alkoholfritt brennevin, men det vart så raskt utselt frå lageret at me ikkje fekk tak i

kunder merksame på dei alkoholfrie alternativa som finst. Dette har vore svært vellukka, og Vinmonopolet set stor pris på dette samarbeidet med Av-og-til.

Løyve for einskilde høve, lag og organisasjonar.



Kvam har sidan 2012 hatt ein særskild ordning for lag og organisasjonar som søker om løyve for eit einskild høve. Her er det sett villkår om at skjenkestyrar/stedfortredar og 1/3 av vaktar (mannskap knytt til skjenkinga) skal ha teke skjenkekurs i regi av sals- og skjenkekontrollen. Dette har synt seg å vera ein vellukka ordning. Talet på arrangement kor det blir skjenkt alkohol og søkt om løyve, har stege mykje sidan ordninga vart innført. Me trur ikkje det skyldast at det vert mange fleire arrangement med alkohol, men fyrst og fremst at fleire vel å søkja om skjenkeløyve. Tidlegare veit me at mange av desse arrangementa vart gjennomførde utan løyver. No har over 250 personar teke

skjenkekurset, og det har vore over 40 arrangement med skjenkeløyve i 2019. Tilbakemeldingane på ordninga frå lag og organisasjonar har vore gode, og fleire meiner at arrangementa har vorte betre og dei frivillige kjenner seg tryggare i rolla som vakt og skjenkepersonell.

Utfordringar med arrangement utan løyve


Sjølv om dei fleste arrangement kor det vert skjenkt alkohol anten fell inn under arrangement som ikkje treng løyve (t.d. bryllaup eller andre slutta, private lag) eller som søker om løyve for eit einskild høve, ser me at det vert arrangert festar kor det skulle vore søkt om løyve. Døme på slike arrangement er bursdagsfestar med ope invitasjon på Facebook eller russtreff. Politiet er bevisste på desse arrangementa, og kan stenga ein fest om det er tydeleg at det er eit løyvepliktig arrangement, eller der det er ungdom under 18 år som drikk alkohol.

For å førebygge dette, er det ynskjeleg at dei som leiger eller lånar ut lokale veit om kva reglar som gjeld, og sikrar at leigetakar rettar seg etter disse gjennom ein leige- eller låneavtale. Det er ein utfordring at kommunen har få moglegheiter for å sanksjonera når privatpersonar bryt reglane. Difor kan det vere aktuelt å sjå på ei ordning der huseigar står som ansvarleg for arrangement i eige hus, og kommunen såleis kan tildele prikkar for brot til huseigar, om ikkje leigetakar bevisst har brote husreglane. Før ein lagar eit slikt regelverk, bør det fyrst vera ein dialog med informasjon til huseigarane om kva arrangement som er løyvepliktige og ikkje.


Rus og kriminalitet

Når politiet registrerer brotsverk, vil det i mange tilfelle vera ein samanheng mellom anna brotsverk og rus, utan at rus vert knytt opp mot statistikken. Difor viser ikkje statistikken som vert presentert i planen, den heila sanninga om rusen sin konsekvensar i straffbare forhold. Eit døme er innbrot i hytter på Kvamskogen, kor fleire av gjerningspersonane har vore rusa når brotet fann sted. Me kan også anta at andre typar saker som t.d. valdtekt og overgrep kan knytast til rusbruk. Politiet meiner at det er ein fleirdobla risiko for at kriminalitet vert gjort når gjerningspersonen er rusa. Tilsvarende er det ein auka risiko for å hamne i ein straffesak med rolle som fornærma om ein sjølv er rusa på alkohol eller narkotika.

På mange områder er det ein direkte samanheng mellom rus og brotsverk. Dette gjeld brotsverk som ordensforstyrringar, narkotikabrot (bruk, besitting, påverka) eller personskaade og materielle skadeverk som skyldast rus. Tabellen under viser politiet sin statistikk over brotsverk knytt til rus i periodane 2017-2018 og 2018-2019.



Det er ofte ein samanheng mellom rus og brotsverk



Tabell 5: Uttrekk frå PAL for STRASAK

Me ser av tabellen at det er eit stabilt bilete når det kjem til rusrelaterte brot, med ei lita nedgang på registrert bruk, besittning og ordensforstyrning i 2018-2019, medan det var ei lita auke i narkotikaovertrreding og legemiddelrelaterte overtrredingar (legemidlar bestilt på nett frå utlandet eller liknande). Statistikken synar ein svak nedgang i narkotikasaker i Kvam. Det kan vera vanskeleg å seia med sikkerheit kva denne statistikken betyr og kva statistikken er eit resultat av. Er det ein nedgang i narkotikasaker fordi det er mindre narkotika i Kvam, eller er det ein nedgang fordi det førebyggjande arbeidet på feltet er bra.

Det kan også tenkjast at nedgangen skyldast høgare mørketal og at politiet ikkje lukkast med å avdekke narkotikasakene.

I høve politiet sine prioriteringar, er det førebyggjande arbeidet i politiet sett i fokus. Det er frå nasjonalt hald bestemt at førebygging skal vera politiet sin primærstrategi. Det er oppretta ein politikontakt for Kvam Herad og politiet samarbeider i større grad med kommunale og andre aktørar omkring det førebyggjande arbeidet enn tidlegare. Parallelt med dette har politiet gått gjennom ein nærpolitireform som i praksis har ført til mindre politiressursar og større politidistrikt. Dette har gjort politiressursane knappe og har i så måte betydning for det førebyggjande arbeidet i praksis, då det ikkje alltid er tilgjengelege patruljar til å gjera det førebyggjande arbeidet.

Nye trendar i ungdomsmiljøet

Ein ny trend i ungdomsmiljøet i Kvam er såkalla "vaping" dvs. røyking og triksing med e-sigarettar. Politiet har fått informasjon om at fleire ungdommar heilt ned i tidleg ungdomsskulealder driv med dette. På populære nettstadar som YouTube finn ungdommane videoar som viser ungdom som gjer ulike triks med røyken som å "blåse ringar" eller lage "The Dragoon".

E-sigarettane som desse ungdommane i Kvam nyttar, inneheld stort sett ikkje nikotin, men VAPING antas å være helseskadeleg fordi e-sigarettar ofte inneheld ulike farlege kjemikaliar, som; frostvæska, balsameringsveske, bileksos og ugrasdrepar, og "vaping" kan føre til kreft og alvorlege

skader på lungene. Nokre e-sigarettar kan også være tilsett narkotika, her er det mest vanlege å tilsette virkestoffet i Cannabis; THC-olje.



“VAPING” vert marknadsført i Noreg som mindre helseskadeleg enn tobakksrøyking, men skadeverknadane er ikkje fullt ut dokumentert. Omfanget av vaping blant ungdommar både i utlandet og Noreg er vurdert å være aukande. I USA, Wisconsin vart ungdommar lagt inn på sjukehus i juli 2019 med mellom anna alvorleg skade på lungene, utmatting og anna sjukdom. Alle desse ungdommane hadde vaping som fellesnemnar.

Ungdommane i Kvam kjøper e-sigarettane over nett kor man fritt har tilgang til dette. Diverre har ikkje ungdommane kontroll over kva produkta som dei kjøper over nett inneheld. Over disk har e-sigarettar 18 års aldersgrense i Noreg.

Temaområde 1: Universelle førebyggande tiltak

Førebyggingsparadokset

Når ein planlegg det rusførebyggande arbeidet, må ein ta omsyn til det såkalla prevensjonsparadokset eller førebyggingsparadokset innan alkoholpolitikken.

Førebyggingsparadokset seier at ein vellykka alkoholpolitikk ikkje bør være retta mot storbrukarane, men mot bruken av alkohol generelt. Ein forholdsvis lita reduksjon i det totale forbruket av alkohol i samfunnet, vil nemleg føra til ein større nedgang i alkoholproblema enn det ein forholdsvis vesentleg nedgang i storkonsumentane sitt forbruk vil føra til. Førebyggingsparadokset viser tydeleg forskjellen mellom å sjå alkoholproblema i ein samfunnsmessig samanheng, dvs. som eit folkehelseproblem, og å sjå alkoholproblema som individuelle problem (*Rossow I, Bogstrand ST, Ekeberg Ø et al.*

Associations between heavy episodic drinking and alcohol related injuries: a case control study. BMC Public Health 2013).

Alkoholpolitikken i Kvam

Alkohollova og alkoholforskrifta set rammer for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast, mellom anna gjennom løyveordningane og villkår for sal og skjenking. Kommunen står ganske fritt til å

Å regulera tilgangen til alkohol vert rekna som eit av dei beste tiltaka for å redusere bruken av alkohol

regulere tilgangen til alkohol innanfor kommunegrensene, og kan velja alt frå å ikkje gje løyver til å sette tak på talet løyver, og å ha ein liberal eller streng politikk. Å regulera tilgangen til alkohol vert rekna som eit av dei beste og mest dokumenterte verkemidlane i høve totalbruken av alkohol (*Thomas Babor (red), kommunetorget.no*). Med regulering vert meint tal på utsalsplassar og skjenkeplassar, avgifter, skjenke og salstider og andre villkår som er meint å vera avgrensande.

Alkoholpolitiske retningslinjer



Gjeldande alkoholpolitiske retningslinjer for Kvam vart vedteke av heradsstyret i 2016, og gjeld fram til september 2020. I høve alkohollova skal alkoholpolitiske retningslinjer reviderast etter kvart kommunestyreval.

Retningslinjene regulerer sals- og skjenketider i kommunen, krav til vakter/ mannskap med kurs for einskilde løyve, kven og kor det kan gjevast løyve og gebyrsatsar. I denne


planen vert berre dei overordna og prinsipielle problemstillingane knytt til alkoholpolitiske retningslinjer drøfta. Den alkoholpolitiske handlingsplanen vert teken opp som ein eigen politisk sak.

Generelle prinsipp for alkoholpolitikken i Kvam

Alkoholpolitikk er ikkje avhaldspolitik, men tiltak som skal gje innbyggjarane høve til å nytta alkohol utan at skader på individ og samfunn vert uakseptabelt store. Drikkemønsteret i Noreg har endra seg dei siste 10-15 åra. Konsumet aukar, og me drikk oftare i andre samanhengar enn me gjorde før. Ein

kan seie at drikkemønsteret liknar meir på det kontinentale Europa, med meir dagleg konsum, samstundes som det nordiske drikkemønsteret med mykje alkohol i helgane, ikkje har endra seg i nemneverdig grad. Auken i alkoholbruken har vore størst i aldersgruppa 40+, medan ungdomsgruppene har vore meir stabil, og til tider vore nedadgåande (*Folkehelse rapporten 12.03.2019*).

Det er eit viktig alkoholpolitisk element å skape bevisste haldningar til alkoholbruk blant vaksne. Å skape alkoholfrie sonar, særleg der barn og unge ferdast, er eit viktig prinsipp i Kvam. Difor bør dei alkoholpolitiske retningslinene vere innretta slik at dette prinsippet vert ivareteken. Me bør også å vere restriktive for å opne opp for andre sonar som har vore alkoholfrie. Det har til no vore slik at stader der det ikkje er naturleg å ha skjenking av alkohol, og kor tenesta eller aktiviteten er i hovudsak ein annan enn skjenking, har det ikkje vore gitt skjenkeløyve. Dømer på plassar som såleis ikkje bør få skjenkeløyve er frisørar, spa, møbel/interiørbutikkar. Vidare bør ikkje idrettshallar nyttast som skjenkelokale, og idrettsarrangement bør ikkje få skjenkeløyve. Om ein skal få skjenkeløyve i ein idrettshall, bør det vera fordi det ikkje finst tilgjengelege lokale som er store nok, og ei slik vurdering må dokumenterast i søknaden.



Det er viktig å skape alkoholfrie soner rundt barn og unge

Alle som ynskjer å selja eller skjenka alkohol må som hovudregel søka om løyve kvart 4. år. Alkohollova opnar imidlertid for at alle løyve kan vidareførast utan politisk handsaming, forutsett at Heradsstyret har hatt ein gjennomgang av alkoholpolitikken før vedtak om vidareføring kan fattast. Dette fører til mindre arbeid, både for bransjen og kommunen. Likevel må me vurderer å halde på alkohollova sin hovudregel om at det må søkjast om fornying året etter val av nytt heradsstyre. Fordelen med ordninga om søknad og politisk handsaming, er at ein får retta opp i endringar som har skjedd i verksemdene, og ikkje minst gjennomføra ein vandelsvurdering, som kan avdekka eventuelle økonomiske misleghald. Vidare får politikarane eit aktivt forhold til sin sals- og skjenkepolitikk. Alkohollova opnar for at ein kan velja full søknadsrunde for delar av næringa, medan andre får automatisk vidareføring. Det kan vera aktuelt å la dei med salsløyve i daglegvarehandelen, få vidareført sine løyve, medan skjenkeplassar og andre salsløyve enn daglegvare, må søka på nytt.

Andre aktuelle alkoholpolitiske prinsipp:

- Det vert foreslått å halde fram med ordninga med einskild høve med vaktkrav, skjenkekurs, 18-års grense og berre gje løyve for gruppe 1 og 2.
- Det må vurderast om me skal definera kven som kan få løyve for einskilde høve, eller om det skal settast eit tak på tal løyver ein søkjar kan få. Dette for å hindra at ordninga med einskild løyver vert konkurransevridande i forhold til dei som driv med faste løyve. Dette må også sjåast opp mot kva alkohollova gjer rom for av avgrensingar.
- Det må vurderast om me skal stille større krav til huseigarar for å sikra at arrangement med skjenking føl alkohollova. T.d. at huseigar får sanksjonar om det skjer brot i deira hus, om ikkje dei kan visa til at leigetakar bevisst har brote huseigar sine reglar.
- Det vert foreslått at søknadar om sals- eller skjenkeløyve på plassar det ikkje har vore løyve før, skal handsamast av heradsstyret, medan resten vert delegert til rådmannen. Dette vil ikkje gjelda den ordinære fornyinga kvart 4. år.

Av- og- Til

Kvam har vore medlem av «Av-og-Til» sidan 2003. Dette er ein alkovettorganisasjon som gjennom kampanjar set fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein risiko eller kan vera til ulempe for andre. Satsingsområde er arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett, livskriser, trafikk og samver med barn og unge. I Kvam har me definert tre hovudsatsingsområde: samver med barn og unge, båt- og badeliv og livskrisar.



Kor mykje utbytte Kvam får ut av dette arbeidet er sjølv sagt avhengig av kva ressursar me har til å planlegga og gjera kampanjearbeidet. Det er ingen kostnader forbundet med medlemskapet, og alt materiale er gratis. Det betyr at det er eit stort potensiale for rusførebyggande arbeid gjennom medlemskapet i Av-og-Til. Me får mykje hjelp og det er høg kompetanse i Av-og-til sin organisasjon, men Kvam sitt arbeid er prega av ad-hoc og uklart ansvar.

Universelle førebyggande tiltak

Mål:

Me ynskjer ein forutsigbar alkoholpolitikk, som ikkje aukar konsumet av alkohol, og innbyggjarar som har eit bevisst forhold til sin alkoholbruk.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
“Ein ryddig bransje”	Full runde med fornying med politisk handsaming av skjenkeløyve, og andre salsløyve enn daglegvarehandel kvart 4. år.	Eining alkohol og servering	Jan-sept året etter eit kommunestyreval
Alkohol frie arena rundt barn og unge	Ikkje gje idrettsarrangement skjenkeløyve, eller tillate skjenking i idrettshallar om det finst alternative lokale. Søkjar må dokumentere at andre lokale er vurdert.	Eining alkohol og servering	Heile planperioden
Spreie kunnskap om gode alkoholvaner	Eit aktivt og målretta “Av og til “ arbeid, med tydeleg plassering av ansvar og tilstrekkelege ressursar.	Folkehelse/ Eining alkohol og servering	Heile planperioden
Lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å søke skjenkeløyve i ein skilde høve. Det skal skjenkast i tråd med formålet i alkohollova.	Vidareføre gjeldande reglar for ein skild høve. Stilla vaktkrav og krav om skjenkekurs for skjenkestyrar og stedfortredar, samt 1/3 av vaktar/personale.	Eining alkohol og servering	Heile planperioden

Rusførebyggande tiltak for barn og unge

Dei aller fleste ungdom i Kvam seier at dei trivst og har gode levekår, i følge UngData. I Kvam svarer om lag 17 % av ungdomsskuleelevane i 2017 at dei har vore rusa på alkohol. I 2015 var dette talet 12 %. Det vil sei at me har hatt ein svak oppgang sidan 2015. Denne trenden er truleg samansett av ulike årsaker. Me ser og ein svak oppgang i bruk av cannabis, frå 4 % i 2015 til 7 % i 2017. 5 % av elevane på vidaregåande skule svarer at dei har brukt cannabis det siste året. På landsbasis er dette talet 11 %.

Det er eit mål å utsette debutalderen lengst mogleg

Rusførebyggande tiltak skal auke kunnskap om rusrelaterte konsekvensar og skader. Målet er at ein utset debutalder, eit redusert alkoholbruk og redusert bruk av illegale rusmidlar. Kvam herad har i mange år fått kunnskap om korleis ungdom i Kvam har det gjennom UngData- undersøkingar. (Anonyme sjølvrapporteringskartlegging). Gjennom folkehelselova §5 har

kommunen fått auka ansvar for å overvake folkehelsesituasjonen blant innbygarane. Førebygging må skje på tre arenaer; på skulen, heime og i fritida, samt i samspel mellom desse.

Ved bruk av UngData kan ein følge utviklinga over tid og samanlikne oss med andre kommunar. Gjennom denne kartleggingsprosessen kan ein stimulere til dialog om styrke og utfordringar i dei unge sitt liv, blant anna rusbruk.

Skulen som rusførebyggande arena

Grunnleggande tryggleik og trivsel på skulen er førebyggande for alle typar problemutvikling, inkludert rus. Elevundersøkingane og UngData viser at elevane i stor grad trivst på skulen. I læreplanen er det gitt kompetansemål som krev at skulen gjer kunnskap om rusmidlar og driv rusførebyggande arbeid gjennom heile det 10- årige skuleløpet. Dette arbeidet vert i Kvam herad ofte gjort i samarbeid skulehelsetenesta og utekontakt. Ungdomstrinna jobbar med temaet rus, men dei siste åra har det ikkje vore eit felles systematisk rusførebyggande arbeid som gjeld for alle elevane på 8.-10. trinn. Forsking viser at det er systematisk arbeid over tid som har effekt og gjev resultat. Den svake oppgangen i auka bruk av alkohol på ungdomstrinnet kan ha samanheng med at det systematiske arbeidet over tid ikkje har vore godt nok.

Det er utarbeida fleire rusførebyggande program og undervisningsopplegg. I Kvam har me som mål at alle skulane skal bruke same program i det førebyggande arbeidet. Dette bør vere program som ein veit gjennom forskning har dokumentert effekt.

Overgang mellom barneskule til ungdomskule og frå ungdomskule til vidaregåande skule er sårbare fasar i barn og unge sitt liv. Innsats som vert retta mot desse overgangane er førebyggande for å fremja inkludering og hindra utanforskap.

Me veit at nokre unge kjem til å prøve ut alkohol og andre rusmidlar. Ungdom si eksperimentering med alkohol og rusmidlar skaper bekymring, både på skulen, hjå føresette og tenestene rundt barn og unge. Me tenkjer det er viktig å skape ein trygg arena der slike bekymringar kan diskuterast og handterast raskt. Tverrfagleg team på skulane kan vere ein slik arena og føresette kan ha dette som generelt tema på FAU-møte.

Kvam herad har eit godt samarbeid med dei vidaregåande skulane. Skulehelsetenesta, utekontakt og politiet er inne kvart år og har undervisning med russen. I tillegg deltek skulehelsetenesta på

foreldremøte og andre tiltak som skulane skipar til. Kvam herad er oppteken av at dette gode samarbeidet skal halda fram.

Heim

Me veit gjennom forskning at føresette er dei viktigaste førebyggjarane gjennom å vera ein god rollemodell og setje tydelege grenser. UngData viser ein tydeleg samanheng mellom elevane si oppfatning av føresette sine haldningar til når dei unge kan drikke alkohol, og kor ofte elevane har vore tydeleg rusa dei siste seks månader.

Foreldra er dei viktigaste rollemodellane

Majoriteten av elevane i ungdomskulen i Kvam får ikkje lov å drikke alkohol av sine føresette, men trenden er tydeleg. Jo eldre ungdomane vert, jo færre føresette seier nei til at ungdommen får nytta alkohol. Føresette må ha kunnskap om, og vera medviten på at dei kan påverke rusbruk hos sine barn. Gjennom utprøvde opplæringsprogram kan foreldrerolla styrkast, t.d Av-og-til sin kampanje «Kjipe foreldre». Derfor er det viktig å ha fokus på dette i faste foreldremøte både på barne- og ungdomsskulen.

Fritidsarena



UngData viser at svært mange barn og unge i Kvam deltek i organiserte aktivitetar på fritida. Me ser også at tala på ungdom som deltek på faste fritidsaktivitetar synk med aukande alder.

Kommunen skal generelt skape gode nærmiljø og møteplassar samt legge til rette for eit mangfald av kultur- og fritidsopplevingar. Den organiserte

fritida er ein viktig arena for utvikling av fysiske og sosiale ferdigheitar hjå barn og unge.

Organisasjonane har ein verdiforimidlande funksjon og spelar ei viktig rolle i utvikling av evne til meistring, samarbeid, medbestemming og ansvar.

Medlemskap og deltaking i ein organisasjon handlar om samhald og tilhøyring, og om høve til å driva med aktivitetar ein likar.

Frivillige som arbeider for barn og unge i lag og organisasjonar er ein stor og viktig ressurs i arbeidet for trygge oppvekstmiljø. Det er vesentlege beskyttande faktorar i slike miljø.

Me må leggja til rette for trygge, rusfrie tilbod for alle barn og unge i Kvam

I Kvam er det få uformelle rusfrie møteplassar og arrangement for barn og unge i kommunal regi. Kulturskulen skipar til ulike arrangement i løpet av året som UKM (Ungdommens kulturmonstring), Bornas verdsdag og kakaokonsertar, medan Utekontakten driv Ungdomsbasen som er ein uformell treffstad for unge mellom 13-20 år.

Det er behov for ein kontinuerleg utvikling og nytenking for å møte barn og unge sine behov og trendar for sosialt samvær. Dette gjeld for alle barn og unge, men også for dei som treng tilrettelagt tilbod. Born og unge som fell utanfor organisasjonslivet kan stå i fare for å missa tilgang til viktig

sosial kompetanse og tilhøyring. Me må derfor alltid vera opptekne av å etablere arenaer der desse borna og ungdommane kan finna ei tilhøyring, og der dei kan få opplevingar av meistring.

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

Kommunen er avhengig av eit sterkt lokalsamfunn for å kunne skape arenaer der alle kan vera med. Frivillig sektor er ein kanal for engasjement og samfunnsdeltaking, og er viktig for livskvalitet, fellesskap og utvikling. I dag tek mange del i frivillig arbeid, men det ligg likevel ein stor unnytta ressurs i å engasjera fleire til frivillig innsats. I åra framover vil frivillig sektor vera ein viktig samarbeidspart for kommunen også på det rusførebyggande feltet. Mange barn og unge i Kvam driv med idrett, og idrettslag og klubbar er viktige samarbeidspartnarar i det rusførebyggande arbeidet. Mellom anna gjennom kommunen sitt engasjement i Av-og-til vil samarbeid med idretten vera viktig.

Førebyggande tiltak for barn og unge			
Mål: Utsetja debutalderen for alkohol, og redusere bruk av legale og illegale rusmidler blant born og unge.			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Me vil ha god oversikt over rusbruk blant ungdom i Kvam	UngData-undersøking kvart 2. år.	Folkehelse-koordinator	2021
Heilskapleg rusførebyggande arbeid i barnehagane og skulane i Kvam	Inkluderande fellesskap i barnehage og skule Felles førebyggande program for barnetrinnet og ungdomskuletrinnet	Skulesjef/ oppvekstsjef	2020/21
Tverrfagleg team på alle skulane	Tverrfaglege team på alle skular.	Skulesjef/ rektorar	2020
Haldningsarbeid retta mot føresette sin bruk av alkohol, for å oppretta og styrkja alkoholfrie soner i kvamma-samfunnet.	Kvam herad er ein Av-og-til- kommune, der sona barn og unge er prioritert. Rusbruk i svangerskap og i samvær med born er tema i helsestasjonsprogrammet /skulehelsetenesta heilt opp til og med vidaregåande skule. Bruk av foreldremøte i barnehage og skule til å styrkja foreldrerolla.	Av-og til koordinator Skulehelsetenesta, utekontakt og politi Styrrar/rektor	Heile planperioden
Skape attraktive rusfrie arena og aktivitetetar for barn og unge gjennom organisasjon og tiltaksutvikling.	Drifta Ungdomsbasen for målgruppa 13-20 år. Vidare drift av Ungdom+ basen for målgruppa er 16-30 år.	Utekontakt/ kultur/ utekontakt/ NAV/ Avd. rus og psykiatri.	Heile planperioden

Ha fokus på dei ungdommane som fell utanfor organisert aktivitet.	<p>Kulturskulen skipar til arrangement gjennom året.</p> <p>Skulen/ FAU/ foreldra skipar til ulike arrangement i løpet skuleåret. T.d. haustball, vårball og vinterfest</p> <p>Støtte opp om, og stimulere frivillige lag og organisjonar sitt arbeid for barn og unge.</p>	<p>Kulturskulen</p> <p>Skulen/FAU</p> <p>Kultur</p>	
Me ynskjer at lag og organisasjonar i Kvam har tydelege føringar for alkoholbruk ved arrangement, og turer i lag med born og unge.	<p>Ta initiativ til å laga alkoholpolitiske retningslinjer for idrettsklubbane gjennom Av-og-til.</p> <p>Utgreie ei tilskotordning for organisasjonar og einskilde personar som kan driva alkoholfrie, uforpliktande treffstader for unge på kveldstid, i helger eller einskilde arrangement.</p>	<p>Av-og-til koordinator</p> <p>Kultur</p>	<p>Heile planperioden</p> <p>Vår 2021</p>
Samarbeid med dei vidaregåande skulane om rusførebyggande arbeid, haldningsarbeid, måtehald, særskilt overfor russen.	Halda fram det systematiske samarbeidet med dei vidaregåande skulane (undervisning/informasjon på foreldremøter og til 3VGS elevar)	Skulehelse-tenesta, utekontakt, politi	Heile planperioden
Kontinuerleg kompetanseheving om førebygging/ rusmidler/rusbruk	Kommunen sine tilsette må ha tilstrekkeleg kompetanse på alle nivå frå førebygging til rehabilitering	Oppvekst/ helse og omsorg/ folkehelse-koordinator	Heile planperioden.
Hindre langing av rusmidler til mindreårige.	Gjennomføra kontrollar av langing	Politi/skjenke-kontrollen	Heile planperioden

Temaområde 2: Tidleg innsats - barn og unge i risiko.

Tidleg innsats handlar om å sjå utfordringar så tidleg som mogleg, både i høve til alder og i høve til problemutvikling. Målet er at ein skal identifisere og handtere eit problem på eit så tidleg tidspunkt at problemet forsvinn eller vert redusert med avgrensa innsats.

Tidleg innsats kan delast inn i:

1. Selektive tiltak, som rettar seg til grupper som er meir utsett enn andre for å utvikle problem.
2. Indikativ innsats rettar seg mot individ der rusproblem eller risikofaktor allerede er observert.

Tidleg innsats i alt me gjer!

Føresetnad for å lukkast med tidleg innsats er at tenestene har tilstrekkeleg kompetanse om kva ein ser etter, og strategiar for å handle på bekymring. Arbeidet forutset tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, og at tenestene er kjende og tilgjengelege. Slik kan brukaren finne systema og systema finne brukaren.

Planen fokuserer på tidleg innsats i forhold til tre målgrupper:

1. Ufødde barn som er i fare for å verta, eller vert eksponert for alkohol og / eller andre rusmidlar.
2. Barn og unge som lever i ein familie der omsorgspersonen/ane sin foreldrekompetanse er svekka på grunn av problem knytt til bruk av alkohol, eller andre rusmidlar.
3. Ungdom og unge vaksne som er i ferd med å utvikle rusproblem / rusrelaterte vanskar.

Universell rusførebygging i svangerskapskontrollane

Kommande foreldre ynskjer å gjera det beste for barna sine. Det krev både kunnskap om kva som er viktig, evne til å handla etter dette, og ha rammer som gjer det mogleg. Alkohol er det desidert mest skadelege rusmidelet for fosteret, og sjølv små mengdar alkohol i svangerskapet kan føre til skade. Det fins inga sikker nedre grense for bruk av alkohol verken tidleg eller seint i svangerskapet. Norske helsemynde tilrår derfor totalavhald i svangerskapet for å førebygge rusrelaterte mentale- og åtferdsmessige skader hjå barn.

Me tilrår totalavhald i heile svangerskapet

Bruk av illegale rusmidlar i svangerskapet er skadeleg for fosteret mellom anna med auka risiko for abort og tidleg fødsel, misdanning i organ, innverknad på hjernen si utvikling og fare for abstinens etter fødsel. Skader avheng av type rusmiddel og vert påverka også av mengde og frekvens. I tillegg gjev bruk av narkotiske stoff generelt nedsett helse for mor, og dei sosiale rammene rundt svangerskapet kan vera lite tilfredstillande for ei god utvikling for barnet under svangerskapet og etter fødsel. Det er derfor avgjerande at mor får hjelp til å avslutta rusmisbruk så tidlig som mogleg i svangerskapet.



Erfaring og forskning viser at det kan vera vanskeleg for helsepersonell å ta opp bruk av alkohol med den gravide, då dette er eit akseptert rusmiddel i vår kultur. Dette kan bidra til at den gravide held fram å nytta alkohol eller andre rusmidlar utan at dette vert snakka om. Retningslinene for svangerskaps- og barselomsorg (2018) seier tydeleg at dette skal ein kartleggje ved 1.gangskontrollen. Gjennom strukturert tilnærming om temaet,

viser det at helsepersonell mest truleg kan bidra til å auka kompetansen og refleksjon rundt eige rusbruk kos kvinna, og gje grunnlag for tidleg innsats ved bekymring. Jordmor har implementert rettleiaren i sitt arbeid. Det vert utført grundig kartlegging av rusvaner ved 1. gongskontroll.

Oppfølging i svangerskap og etter fødsel

Helsestasjonstenesta er ein del av eit formalisert, tverrfagleg samarbeid på tvers av tenesteområder rundt gravide og småbarnsforeldre som er rusavhengige. Tenesta har ei unik høve til å oppdage og gripa inn i f.t. til barn som lever i familiar med rusproblematikk, fordi dei aller fleste gravide og føresette bruker helsestasjonen sitt tilbod. I dei nasjonale retningslinene for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjonen, er det tydelege føringar i forhold til rus og førebygging. Det skal vera ein raud tråd i frå svangerskap til og med vidaregåande skule. Det er viktig at tenesta har eit godt samarbeid med fastlege, barnehage, skule, utekontakt, barnevern og politi.

Dersom kvinna sjølv, familie, helsepersonell eller andre er bekymra for om eit ufødd barn er i fare for å verta eksponert for alkohol eller andre rusmidlar, må det finnast lett tilgjengeleg kunnskap om korleis ein skal handla. Kommunen held på med å utarbeide ein plan for å identifisera, handla og samhandla når gravide bruker rusmidlar. Planen skal forplikta helsestasjonstenesta, barneverntenesta og avdeling rus og psykisk helse slik at dei skal sikra tidleg og rask innsats med avklarte ansvarsforhold. Den skal også ivareta gravide i Legemiddelassistert rehabilitering (LAR), og sikra nødvendig oppfølging av barna fram til skulealder. Planen skal gjerast kjend i kommunen og hos samarbeidande instansar, og sikra tilstrekkeleg kompetanse.

Samarbeid med spesialisthelsetenesta

Ansvar for gravide rusmisbrukarar ligg i kommunen, men tiltaka vert ofte gitt av spesialisthelsetenesta. Dette gjeld særleg institusjonsinnleggingar, enten på frivillig basis eller utan samtykke, jamfør Helse og omsorgslova §10-3. Det er utarbeida eigne pakkeforløp for gravide som brukar eller har brukt rusmidler. Dette skal bidra til å sikra ein trygg, forsterka og systematisk svangerskapsoppfølging for mor og barn.

Familiar i risikosona

Det er barn som lever i familiar som er prega av mor eller far sitt rusbruk. I tillegg kjem ein del barn av føresette med mindre synleg, eller kjend rusproblematikk. Desse barna er i ei risikogruppe for å utvikle egne problem, sjølv om det ikkje er slik at alle i risikogruppa nødvendigvis utviklar problem. Gjennom å identifisere barn som lever i familiar med rusbruk og sette inn nødvendig hjelp, er målet å førebygga eigen problemutvikling hos barna.

Familieperspektivet og systemisk tilnærming skal ligge til grunn når tenestene møter brukarar, føresette og barn. Familieperspektivet er heilt sentralt i eit tidleg innsatsperspektiv. Korleis dei føresette fungerer er den sterkaste predikator og faktor for påverknad av oppvekstvilkår og barnet si utvikling.

Familieperspektivet er sentralt i eit tidleg innsatsperspektiv

Barnevernet

Føresette med alkoholproblem eller anna rusproblem gjer ein skadeleg omsorgssituasjon for barn. Barneverntenesta har i sitt lovverk eit ansvar for å sikra og skjerma barn for denne type omsorgsvikt.



Barneverntenesta har heimel til å bistå føresette, og gripa inn både der det er svikt i omsorgssituasjon her og no, samt på grunnlag av vurderingar om at helse og utvikling hjå barnet kan verta skada på sikt. I familiar der rusbruk pregar oppvekstvilkåra til barnet, skal barnet sine behov gå framfor omsorspersonen sine ynskjer og behov.

Barneverntenesta har mandat til å fremja sak om omsorgsovertaking samt mandat til, etter samtykke frå føresette, å iverksetja frivillige tiltak i

heimen. Tenesta er heilt avhengig av at andre tenester som helsestasjon, fastlege, barnehage, skule, samt dei som gjev tenester til føresette, melder frå til barneverntenesta slik at dei kan handla og setja i verk tiltak der det er nødvendig. Barneverntenesta i Kvam har i fleire år hatt fokus på kompetanseheving for å bistå barn i denne målgruppa.

Barnehagane

Barnehagen sitt potensiale som helsefremmande arena er enorm. Høgkvalitetsbarnehagar fremmar god psykisk helse som er med på å motvirka utanforskap. Barnehagane er ein viktig arena for å sjå barna sin situasjon og samspel med føresette. Barnehagen har gjennom sitt mandat ansvar for å finne, bistå, samt å legge til rette i barnehagen for barn med særskilde vanskar knytt til deira heimeforhold. I tillegg har dei eit ansvar for å kontakte andre helse- og hjelpetenester når barnet har behov for bistand. Barnhagen sitt mandat samt full barnehagedekning gjer at barnehagane er sentrale i høve tidleg innsats.

Skulane

Skulen er i ein god posisjon for å observere barna sin situasjon, og læraren har kompetanse for å sjå barna si utvikling. Skulen treng å få styrka sin kompetanse på rusrelaterte utfordringar. Målet er å sikra at den einskilde tilsette er trygg på å gå vidare med sine observasjonar, samt å sikre at skulen har systemkompetanse på kor og korleis ein kan gå vidare med bekymringa.

Helsestasjonen

Helsestasjonen har ei unik anledning til å oppdage og gripa inn i høve barn som lever i familiar med rusproblem, fordi alle føresette bruker tilbudet på helsestasjonen. Tenesta skal observere, gje rettleiing og råd, samt følge opp utsette barn og unge. Helsestasjonen skal ha eit tett tverrfagleg samarbeid med dei andre kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta, og skal visa vidare til det øvrige hjelpeapparatet ved behov. Helsestasjonen er den offentlege instansen som systematisk og regelmessig observerar barnet si helse og utvikling, og har jamleg kontakt med barnet sine omsorgspersonar i perioden før barnet starter i barnehage. Dette gjev både høve til og ansvar for å førebygga, avverga og avdekke vald, overgrep og omsorgsvikt mot dei aller yngste barna.

Barn som pårørande

Dette gjeld barn som pårørande til vaksne med somatisk sjukdom og skade, psykisk sjukdom og/eller rusmisbruk. Der det er barn som pårørande har alle som yter tenester til vaksne eit lovpålagd ansvar. Gjennom systematisk kartlegging av brukaren sin familiesituasjon kan ein få oversikt både på system- og individnivå. Når ein veit kven barna er, må ein også sikra dei rett til informasjon om dei føresette sin sjukdom, og bidra til at barna har ein trygg situasjon, jamfør Helsepersonellova § 10a.

Helse Bergen har ein del gruppeverksemd retta mot born som pårørande. Kvam har i dag ikkje noko tilbod til barn som er pårørande.

Ungdom og unge vaksne som er i ferd med å utvikla rusproblem

Alkohol er det mest brukte rusmiddelet i Kvam. Skader og negative opplevingar i alkoholrus er ein større utfordring enn tunge rusproblem. Sjølv om dei fleste som testar rusmidlar ikkje utviklar rusproblem, finn ein likevel dei som utviklar alvorleg avhengigheitsproblematikk. I overgangen mellom handterleg rusbruk og problemutvikling er desse lite synlege i hjelpeapparatet, kanskje med unntak av fastlegen. Fastlegane bør difor ha fokus på denne gruppa.

Ungdom i «sviktsona» er eit omgrep brukt om unge mellom 13-23 år som på ulike måtar er marginalisert i høve samfunnet sine krav og forventningar, og som på den måten er særleg risikoutsatt for å utvikla rusmisbruk, eller psykiske vanskar utan å nødvendigvis vera identifisert av hjelpeapparatet.

Heilskapleg tenestetilbod er viktig for ungdom i «sviktsona»

For ungdom i «sviktsona» er det viktig at tenestene er godt samordna, og gjev rett hjelp til rett tid. Kommunale helse- og hjelpetenester er viktig for denne gruppa på lik linje med t.d. politi, fastlege, 2.linjetenester mv. Det er viktig at at me held fram å prioritere denne gruppa i framtida.

Barneverntenesta har eit særskild ansvar for å yta tenester til unge som er i meir omfattande problemutvikling. Terskelen inn i barnevernet kan oppfattast som for høg når det er snakk om ein tidleg fase i problemutviklinga. Barnevernet prioriterer å vera ein del av tverrfaglege team på skulane, og å vera ute med informasjonsarbeid til skule og barnehage. Dette gjer at terskelen vert mindre.

Skulefråvær

Forsking viser at det er samheng mellom skulefråvær og unge som brukar rusmidlar. Skulefråvær er difor ein indikator for bekymring som krev kartlegging og tiltak. Kvam herad har ein skulefråværsplan. Det er viktig at denne vert følgt når fråværet for den einskilde ungdom eskalerar. Det er viktig at skulen har kompetanse på rusrelaterte utfordringar i ungdomstida. Rus bør vera eit

tema på minst eit møte i tverrfagleg team på skulane i året. (IS-1742 - ein veileder om tidlig intervensjon på rusområdet).

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at fråfallet i Kvam vidaregåande skule ligg lågare enn i Hordaland og landet elles. I 2018-2019 var fråfallet i Kvam vgs. på 2,8% medan det i Hordaland var på 3,7% og nasjonalt var talet på 3,4%. (Tal frå skoleportalen, 2018-2019).


Skulehelsetenesta har i samarbeid med vidaregåande skule, utekontakt og politi førebyggjande informasjon retta mot russen. Dei vidaregåande skulane har også eige program som rettar seg mot å førebygge problem (VIP, Draumeskulen). Me veit at overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule er sårbar. Skulane og tenestene bør difor vera ekstra merksam på dette, og gjerne setje inn førebyggjande tiltak.

NAV har eit samarbeid med OT-PPT på regionalt nivå, for å følgje opp ungdom som ikkje fullfører skuleåret.

Barn og unge i risiko			
Mål:			
Ingen born og unge i Kvam skal vekse opp i miljø med skadeleg rusbruk.			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Førebygga rusrelaterte fosterskader.	Fylja retningslinjene for svangerskaps- og barselomsorg	Helsestasjonstenesta og kommuneoverlegen.	Heile planperioden
Ha klare retningslinjer om korleis ein skal identifisera, handla og samhandla når gravide nyttar rusmidlar.	Gjere ferdig planen for dette arbeidet i løpet av 2020. Den skal bygge på nasjonale retningslinjer frå Helsedirektoratet	Rus og psykiatri, helsestasjon, kommuneoverlegen, NAV, barnevernet	Heile planperioden
Fokus på barn som pårørande. Viktig at alle som jobber med vaksne med rusproblematikk har fokus på barna i familien.	Sikre kjennskap til aktørar utanfor kommunen som gir tilbod til barn som pårørande. Invitere til samarbeid.	Rus og psykiatri, kommuneoverlegen.	Heile planperioden
Kontinuerleg kompetanseutvikling	Sikre at alle tenester som jobbar med risikoutsatte barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse.	Helse og omsorg, oppvekst.	Heile planperioden.
Halda fram med oppsøkande arbeid i kommunen retta mot barn og unge.	Utekontakt og politi er tilstade på kjende arrangement for ungdom i bygdane.	Utekontakt, politi	Heile planperioden.
Skulefråvær	Grunnskulane skal fylgja skulefråværsplanen og tenestene skal støtta skulane i arbeidet. Tett samarbeid med vidaregåande skule rundt elevar som står i fare for å falla ut av vidaregåande opplæring. Satse vidare på Ungdom+basen, for å førebygge fråfall og ekskludering frå arbeidsliv.	Skule, utekontakt, skulehelseteneste. PPT og NAV	Heile planperiode

Temaområde 3 – Vaksne

Drikkevanar - utvikling



Det er helt klart dei yngste vaksne som drikk mest, men i aldersgruppa 40-60 år har det vore ei sterk auke av alkoholkonsum dei siste tiåra. Denne gruppa drikk også oftare, i større grad dagleg. Både menn og kvinner over 60 år hadde som gruppe ei dobling i alkoholforbruket i løpet av ein tiårsperiode frå 1995-97 til 2006-08. Kvardagsdrikkinga er mest utbreidd blant dei over 65 år. Ser man bort frå dei yngre vaksne som drikk absolutt mest, så er alkoholforbruket høgast i gruppa 50 til 70 år, både når det

gjeld del som drikk ofte og del som drikk mykje. Men ein ser mindre fyll i denne aldersgruppa. (avogtil.no – fakta, Folkehelseinstituttet – oversikt over alkohol i Norge, 2019).

Høgt utdanningsnivå og inntekt er forbundet med høgare drikkefrekvens, men lågare omfang av risikofyllt drikking. Det er framleis menn som drikk mest, men kvinnene som gruppe har auka forbruket betydeleg, og delen stordrikkarar har også auka meir blant kvinner enn blant menn (WHO reknar kvinner som drikk meir enn 14 einingar alkohol vekentleg som storforbrukarar).

Det er menn som drikk mest, men kvinner har eit betydeleg auka forbruk

Det at kvinner som gruppe drikk meir, er ein utvikling som har vore jamn og trutt sida midten av 1970-talet. Det betyr at dei kvinnene som i dag er 70-80 år er den fyrste generasjonen kvinner som i sitt vaksenliv lever i eit samfunn med et relativt liberalt syn på alkohol – også for kvinners del – sett både i høve til samfunnet sin forventning til avhald og sett i lys av likestilling. Det kan være vanskeleg å spå trendar, men fleire forskarar og behandlarar meiner at morgondagens eldre, og især eldre kvinner, vil ha eit høgare alkoholkonsum enn dagens og gårdagens. (avogtil.no- fakta)

Tenester til rusmiddelavhengige

I framtida vil det være viktig med kompetanse om alkohol og andre rusmidler i alle tenester for å kunne møte utfordringar knytta til rusbruk både som arbeidsgjevar og tenesteytar. Særleg kan dette behovet knyttast til auke i alkoholbruk hjå den komande eldrebefolkninga.

Avdeling rus og psykisk helse (ROP) skal ha spisskompetanse på området, men det må også meir kompetanse ut i andre tenester. Det er også ynskjeleg med ein tydeleg arbeidsgjevarpolitikk på området.

Det er kan være vanskeleg å bringe tema kring alkoholbruk på banen, så det er ynskjeleg å innarbeida kompetanse og gode verktøy for å kartlegga alkoholbruk ved t.d. helsesjekk. I ROP er det ei rutine på bruke Audit som er eit anbefalt og enkelt kartleggings skjema for dette.

Samordna og heilskaplege tenester

ROP har som målsetting å gi samordna og heilskaplege tenester, og samarbeider tett med fastlege, spesialisthelseteneste, NAV, heimetenester med fleire. Avdelinga har kompetanse på både rus og psykisk helse. I tillegg til samtalar og behandling ved kontoret, arbeider dei tilsette miljøterapeutisk og hjelper brukarane med praktiske gjeremål som elles er vanskeleg å gjennomføre åleine. Dei knyter kontaktar og bistår brukarane i å nytte seg av andre hjelpetenester som Nav, tannlege, fastlege, spesialisthelseteneste m.v.



Bustad og fritidstilbod

Stabil bustad er det primære for å gje eit godt helsetilbod. Deretter å delta i samfunnet gjennom arbeid eller aktivitetstilbod. Det vil i framtida være behov for variasjon i butilboda til denne

Stabil bustad er det primære for å gje godt helsetilbod

brukargruppa. Nokon vil ha behov for bustad med tett oppfølging av personale. I dag finst det ingen utan fast bustad i Kvam, men ein ser at plassering og nærleik til tenestetilbod vil vera viktig når ein i framtida skal planlegge bustadar for denne brukargruppa. I reguleringsplanen frå 2019 er det avsett område tiltenkt bustadar for dei med større rusutfordringar.

ROP har gjennomført kartlegging av brukarane i Brukerplan dei siste åra. Dette er eit verktøy for å kartlegge omfang og karakter av rusmiddelmissbruk som er kjent i hjelpetenestene. Dette gjer at me har oversikt over kor behova er størst, og kva me må arbeida vidare med. Til dømes scorar vi grønt på bustad, men raudt på meningsfull aktivitet i kvardagen. Det er eit godt verktøy for å spisse arbeidet, og vera klar over kva utfordringar me står overfor. I hovudsak stemmer tala frå kartlegginga godt med dei behova som brukarane gir uttrykk for.

Det er gjennom kartlegginga i Brukerplan kome fram tal som viser behov for aktivitetstilbod som kan gje meingingsfulle dagar for dei som står utanfor arbeidslivet. Erfaringar viser at det er mangel på tilpassa aktivitet etter behandling og rehabilitering. Kommunen har fokus på dette arbeidet, og jobbar med å utvikle lågterskel aktivitetstilbod. Både ein til ein, og i mindre grupper. Dette må utviklast vidare i planperioden. Det er utarbeida ei planskisse for eit lågterskel aktivitetstilbod, som det er viktig å arbeide vidare med i planperioden.

ROP har pårørandekveldar og tilbyr oppfølging og støtte til pårørande. Anonyme Alkoholikere har gruppe i Kvam som er aktiv og støtter mange som har eller har hatt eit alkoholproblem.

I samsvar med helse og omsorgsplanen skal psykisk helse og rusomsorga i Kvam vera ein framtidsretta, fagleg forsvarleg og likeverdig teneste for brukarane i kommunen. Målet for tenesta er å fremje sjølvstende og livsmeistring, og at personar med psykiske lidningar og/ eller rusproblematikk kan leve eit mest mogleg normalt og uavhengig liv.

Som eit ledd i det førebyggjande arbeidet i kommunen er det etablert samarbeid mellom ROP og ungdomsbasen for å fange opp ungdommar i risikosona. I praksis vil dette seie at ruskonsulent er tilstades på Ungdomsbasen to gonger i månaden.

Vaksne			
Mål: Rusavhengige i Kvam skal ha eit meningsfullt og aktivt liv			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Meiningsfull aktivitet	Skapa lågterskel aktivitetstilbud og tilrettelagde arbeidstiltak	ROP NAV DPS – Individuell jobbstøtte	I hele planperioden
	Opprette dagtilbod/ aktivitetssenter for rusavhengige	ROP	2020-2021

Vaksne			
Mål: Me skal både ha ein variasjon i bustadar, og eit felles bustadområde for rusmiddelavhengige med kvalifisert oppfølging			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Alle skal sikrast ein stabil bustad	Jobbe for å ha varierte bustader i Kvam Bygge eigna bustadar der det ligg til rette for personaloppfølging samt nærleik til helsetenester, butikk og andre sevicetenester som bibliotek m.m.	Bygg Teknisk NAV ROP	

Vaksne			
Mål: Det skal vera samordna og koordinerte tenester for rusmiddelavhengige i Kvam			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Tett samarbeid mellom tenestene	Ansvarsgrupper og individuelle planar	ROP Fastlegane NAV PLO Forvaltning	I hele planperioden
Yte heilskapleg teneste	God kartlegging før hjelpetiltak vert sett i verk	ROP Fastlegane PLO NAV	I hele planperioden
Oversikt over behova	Kartlegging gjennom Brukerplan årleg	Rus og psykisk helse Fastlegane	Årleg i planperioden

Vaksne

Mål:

ROP skal delta i det førebyggende arbeidet mot born og ungdom

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Vera synlege på det rusførebyggande feltet i Kvam	Ruskonsulent deltar på Undomsbasen+ basen for de eldste to gonger i månaden. Vere aktive i «Av og til»- arbeidet	ROP	Kontinuerleg
Delta i det rusførebyggande arbeidet i skulen	Ta del i foreldremøter, samtale med ungdommane, rusfrie arrangement	ROP	I heile planperioden

Vedlegg

Handlingsplan (Oppsummering av mål og tiltak)

Det overordna målet for ruspolitikken i Kvam herad er:

Å førebygga og redusera negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmidlar for enkeltmenneske og samfunn. Dette skal gjerast gjennom:

Delmål:

- Det skal vera eit tverrfagleg samarbeid på rusfeltet
- Me ynskjer ein forutsigbar alkoholpolitikk, som ikkje aukar konsumet av alkohol, og innbyggjarar som har eit bevisst forhold til sin alkoholbruk
- Utsetje debutalderen for alkohol, og redusere bruk av legale og illegale rusmidler blant born og unge.
- Ingen born og unge i Kvam skal vekse opp i miljø med rusbruk.

Planen sine temaområder

- Temaområde 1: Universelle førebyggande tiltak
- Temaområde 2: Tidlig innsats - barn og unge i risiko
- Temaområde 3: Vaksne

Det gjennomgåande prinsippet i planen skal vera «tidleg innsats».

Tiltak universelle førebyggande tiltak

Mål: Det skal vera eit tverrfagleg samarbeid på rusfeltet			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Jamlege møter med aktørar innanfor rusførebyggande arbeid, som sikrar et heilheitleg perspektiv	Oppretta ein rusførebyggande gruppe som er operativ og tverrfagleg samansett.	Leiargruppa	Når planen er vedteken

Mål: Me ynskjer ein forutsigbar alkoholpolitikk, som ikkje aukar konsumet av alkohol, og innbyggjarar som har eit bevisst forhold til sin alkoholbruk			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
“Ein ryddig bransje”	Full runde med fornying med politisk handsaming av sjenkeløyve, og andre salsløyve enn daglegvarehandel kvart 4. år.	Alkohol og servering	Jan-sept året etter eit kommunestyreval
Alkoholfrie arena rundt barn og unge	Ikkje gje idrettsarrangement skjenkeløyve, eller tillate skjenking i idrettshallar om det finst alternative lokale. Søkjar må dokumentere at andre lokale er vurdert.	Alkohol og servering	Heile planperioden

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Spreie kunnskap om gode alkoholvaner	Eit aktivt og målretta "Av og til" arbeid, med tydeleg plassering av ansvar og tilstrekkelige ressursar.	Folkehelse/ Alkohol og servering	Heile planperioden
Lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å søke skjenkeløyve i einiskilde høve. Det skal skjenkast i tråd med formålet i alkohollova.	Vidareføre gjeldande reglar for einiskild høve. Stilla vaktkrav og krav om skjenkekurs for skjenkestyrar og stedfortredar, samt 1/3 av vaktar/personale.	Alkohol og servering	Heile planperioden

Tiltak rusførebyggande arbeid for barn og unge

Mål: Utsetja debutalderen for alkohol, og redusere bruk av legale og illegale rusmidler blant born og unge.			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Me vil ha god oversikt over rusbruk blant ungdom i Kvam	UngData-undersøking kvart 2. år.	Folkehelse-koordinator	2021
Heilskapleg rusførebyggande arbeid i barnehagane og skulane i Kvam	Inkluderande fellesskap i barnehage og skule Felles førebyggande program for barnetrinnet og ungdomskuletrinnet	Skulesjef/ oppvekstsjef	2020/21
Tverrfagleg team på alle skulane	Tverrfaglege team på alle skular.	Skulesjef/ rektorar	2020
Haldningsarbeid retta mot føresette sin bruk av alkohol, for å oppretta og styrkja alkoholfrie soner i kvamma-samfunnet.	Kvam herad er ein Av-og-til- kommune, der sona barn og unge er prioritert. Rusbruk i svangerskap og i samvær med born er tema i helsestasjonsprogrammet /skulehelsetenesta heilt opp til og med vidaregåande skule. Bruk av foreldremøte i barnehage og skule til å styrkja foreldrerolla.	Av-og til koordinator Skulehelsetenesta, utekontakt og politi Styrar/rektor	Heile planperioden

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Skape attraktive rusfrie arena og aktivitetetar for barn og unge gjennom organisasjon og tiltaksutvikling. Ha fokus på dei ungdommane som fell utanfor organisert aktivitet.	<p>Drifta Ungdomsbasen for målgruppa 13-20 år.</p> <p>Vidare drift av Ungdom+ basen for målgruppa er 16-30 år.</p> <p>Kulturskulen skipar til arrangement gjennom året.</p> <p>Skulen/ FAU/ foreldra skipar til ulike arrangement i løpet skuleåret. T.d. haustball, vårball og vinterfest</p> <p>Støtte opp om, og stimulere frivillige lag og organisjonar sitt arbeid for barn og unge.</p>	<p>Utekontakt/ kultur/ utekontakt/ NAV/ Avd. rus og psykiatri.</p> <p>Kulturskulen</p> <p>Skulen/FAU</p> <p>Kultur</p>	<p>Heile planperioden</p>
Me ynskjer at lag og organisasjonar i Kvam har tydelege føringar for alkoholbruk ved arrangement, og turer i lag med born og unge.	<p>Ta initiativ til å laga alkoholpolitiske retningslinjer for idrettsklubbane gjennom Av-og-til.</p> <p>Utgreie ei tilskotordning for organisasjonar og einskilde personar som kan driva alkoholfrie, uforpliktande treffstader for unge på kveldstid, i helger eller einskilde arrangement.</p>	<p>Av-og-til koordinator</p> <p>Kultur</p>	<p>Heile planperioden</p> <p>Vår 2021</p>
Samarbeid med dei vidaregåande skulane om rusførebyggande arbeid, haldningsarbeid, måtehald, særskilt overfor russen.	Halda fram det systematiske samarbeidet med dei vidaregåande skulane (undervisning/informasjon på foreldremøter og til 3VGS elevar)	Skulehelse-tenesta, utekontakt, politi	Heile planperioden
Kontinuerleg kompetanseheving om førebygging/ rusmidler/rusbruk	Kommunen sine tilsette må ha tilstrekkeleg kompetanse på alle nivå frå førebygging til rehabilitering	Oppvekst/ helse og omsorg/ folkehelse-koordinator	Heile planperioden.
Hindre langing av rusmidler til mindreårige.	Gjennomføra kontrollar av langing	Politi/skjenke-kontrollen	Heile planperioden

Tiltak barn og unge i risiko

Mål:			
Ingen born og unge i Kvam skal vekse opp i miljø med skadeleg rusbruk.			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Innføra "TWEAK" som ein del av generell svangerskapsoppfølging, med mål om å førebygga rusrelaterte fosterskader.	Screeningverktøyet "TWEAK" vert tatt i bruk innan 2020.	Helsestasjonstjenesta og kommuneoverlegen.	Heile planperioden
Ha klare retningslinjer om korleis ein skal identifisere, handla og samhandla når gravide nyttar rusmidlar.	Gjere ferdig planen for dette arbeidet i løpet av 2020. Den skal bygge på nasjonale retningslinjer frå Helsedirektoratet	Rus og psykiatri, helsestasjon, kommuneoverlegen, NAV, barnevernet	Heile planperioden
Fokus på barn som pårørande. Viktig at alle som jobber med vaksne med rusproblematikk har fokus på barna i familien.	Sikre kjennskap til aktører utanfor kommunen som gir tilbod til barn som pårørande. Invitere til samarbeid.	Rus og psykiatri, kommuneoverlegen.	Heile planperioden
Kontinuerleg kompetanseutvikling	Sikre at alle tenester som jobber med risikoutsatte barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse.	Helse og omsorg, oppvekst.	Heile planperioden.
Politi, utekontakt, og andre positive rollemodellar driv oppsøkande arbeid i heradet retta mot barn og unge.	Utekontakt og politi er tilstades på kjente arrangement for ungdom i bygdene.	Utekontakt, politi	Heile planperioden.
Fokus på bruk av skulefråværsplanen.	Viktig at skule og tenester har fokus på "dropout". Fordi me veit at dette er ein risikofaktor. Samarbeidet med vidaregåande skule er særskild viktig i denne samanheng. Satse vidare på Ungdom+basen, for å førebyggje fråfall og ekskludering av arbeidsliv.	Skule, utekontakt, skulehelseteneste. PPT og NAV	Heile planperioden

Tiltak vaksne

Mål: Rusavhengige i Kvam skal ha eit meningsfullt og aktivt liv			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Meiningsfull aktivitet	Skapa lågterskel aktivitetstilbud og tilrettelagde arbeidstiltak	ROP NAV DPS – Individuell jobbstøtte	I hele planperioden
	Opprette dagtilbod/ aktivitetssenter for rusavhengige	ROP	2020-2021

Mål: Me skal både ha ein variasjon i bustadar, og eit felles bustadområde for rusmiddelavhengige med kvalifisert oppfølging			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Alle skal sikrast ein stabil bustad	Jobbe for å ha varierte bustader i Kvam Bygge eigna bustadar der det ligg til rette for personaloppfølging samt nærleik til helsetenester, butikk og andre sevicetenester som bibliotek m.m.	Bygg Teknisk NAV ROP	

Mål: Det skal vera samordna og koordinerte tenester for rusmiddelavhengige i Kvam			
Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Tett samarbeid mellom tenestene	Ansvarsgrupper og individuelle planar	ROP Fastlegane NAV PLO Forvaltning	I hele planperioden
Yte heilskapleg teneste	God kartlegging før hjelpetiltak vert sett i verk	ROP Fastlegane PLO NAV	I hele planperioden
Oversikt over behova	Kartlegging gjennom Brukerplan årleg	Rus og psykisk helse Fastlegane	Årleg i planperioden

Mål:**ROP skal delta i det førebyggende arbeidet mot born og ungdom**

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Tid
Vera synlege på det rusførebyggande feltet i Kvam	Ruskonsulent deltar på Undomsbasen+ basen for de eldste to gonger i månaden. Vere aktive i «Av og til»- arbeidet	ROP	Kontinuerleg
Delta i det rusførebyggande arbeidet i skulen	Ta del i foreldremøter, samtale med ungdommane, rusfrie arrangement	ROP	I heile planperioden